

# Saksframlegg

Sak nr	Utval	Kode	Møtedato
012/21	Formannskapet	PS	16.02.2021
037/21	Kommunestyre	PS	29.04.2021

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Morten Storebø		21/58

## Samarbeid med nærbutikkane i Austevoll

### Formannskapet - 012/21

#### **Handsaming:**

#### Røysting:

Framlegg frå Framstegspartiet vert sett opp mot framlegg frå Høgre

Framlegg frå Høgre vert vedteke med 6 mot 3 røyster.

Følgjande røysta på framlegg som falt:

Edvard J. Stangeland (FrP), Øystein Fammestad (FrP) og Lene H. Rabben (FrP).

#### **Vedtak:**

1. Austevoll kommunestyre vedtar å etablere kommunalt informasjonspunkt, som ei avtale om levering av tenester, i samarbeid med dei fire nærbutikkane som er tilknytt det statlege Merkur-programmet.
2. Avtaleperioden er 4 år. Kommunen søker å inngå samarbeid og ha tilbodet oppe og gå i løpet av våren 2021.
3. Austevoll kommunestyre nyttar midlar frå kommunalt næringsfond for å finansiere informasjonsskjermar, skilt og andre nødvendige innkjøp.
4. Austevoll kommunestyre finansierer avtalenes driftskostnader i 2021 frå ubunde driftsfond, og innarbeider kostnadane i budsjettet for 2022 og økonomiplanen.

#### **Tilråding frå ordførar:**

Til drøfting i formannskapet.

#### **Vedlegg:**

Temahefte\_Kommunen og nærbutikken

09.02.2021

#### **Økonomisk konsekvens**

Ved å etablere samarbeid med dei fire nærbutikkane slik det blir gjort greie for, vil heilårsverknad ligge på om lag 216.000 kroner. I tillegg vil det løpe eingongskostnader i samband med kjøp av informasjonsskjermar, skilting og anna utstyr.

Dersom formannskapet sluttar seg til å inngå samarbeid må saka behandlast i kommunestyret.

#### **Bakgrunn for saka:**

Denne saka handlar om Austevoll kommune si rolle overfor nærbutikkane i Austevoll og samarbeidsavtale med desse der butikkane tener som kommunalt informasjonspunkt, blant anna

med informasjonstavler og rettleiing frå butikktilsette. Slike kommunale informasjons- eller tenestepunkt er innført i nokre kommunar i gamle Sogn og Fjordane og bidrar til å formalisere tenester som butikkane allereie utfører, etablere fleire tenester.

Butikkane det her er snakk om er dei som er tilknytt det såkalla Merkur-programmet, som er eit statleg program for utvikling av nærbutikkar og bokhandlarar i distrikta. Nærbutikken – eller distriktsbutikk som det også blir kalla – er definert som «*ein daglegvarebutikk med heilårsdrift og fullverdig varesortiment og som er siste daglegvarebutikk i ei bygd eller eit avgrensa geografisk område. Det er også eit krav at butikken ligg i god avstand frå større byar.*»

I Austevoll er det desse fire butikkane som fell inn i denne kategorien:

- Joker Bakkasund (Arne Kalve Landhandel AS)
- Joker Stolmen (C. Aarland AS)
- Møkster Butikk AS
- Kalsøy Landhandel (Kalsøy AS)

I tillegg til daglegvarehandel fyller nærbutikken andre viktige roller i lokalsamfunna, som møteplass og senteret i bygda.

#### Kort om Merkur

Merkur er eit statleg program som tilbyr eit kompetanse- og utviklingsprogram for deltagande butikkar. Det forvaltar også følgjande støtteordningar:

- Investeringsstøtte, med tilskot frå kr 25.000 til kr 600.000
- Utviklingsstøtte, med tilskot frå kr 25.000 til kr 50.000
- Servicestøtte, med tilskot på kr 100.000
- Investeringsstøtte til drivstoffanlegg, med tilskot på inntil kr 600.000
- Utviklingsstøtte til Merkur-bokhandlarar (førebels ikkje relevant i Austevoll)

Storleik på tilskot er utrekna blant anna etter omsetnad.

Oversikta frå Merkur viser at ordningane deira er viktige for nærbutikkane her i Austevoll. Dei siste fem åra er det gitt slike tilskot pr. år til butikkane i Austevoll:

- 1. halvår 2020: 367 011 kr
- 2019: 660 000 kr
- 2018: 844 000 kr
- 2017: 100 000 kr
- 2016: 1 133 000 kr
- 2015: kr 1 093 000 kr

#### Tettare samarbeid med nærbutikkane i Austevoll

Kommunen har deltatt i idémyldring og drøftar med nærbutikkane i Austevoll og Merkur for å finne ut kva grunnlag det er for å etablare eit tettare samarbeid mellom kommune og butikk.

I samtale 26. oktober kom det fleire forslag på bordet som det er vel verd å vurdere. Desse blir forsøkt oppsummert her:

- Kommunalt info- eller servicepunkt
- Turistinformasjon og gjestetoalett
- Venteskur for kollektivreisande
- Innkjøpsavtale om mat

- Miljøpunkt og hytterenovasjon
- Rydding og vedlikehald av offentlege fellesområde

Det var også drøfting om samarbeid 21. januar i år.

I gamle Sogn og Fjordane fylke er det seks kommunar som har oppretta serviceavtalar med bygdabutikkar.

Butikkane får inntil 50 000 kr for å tilby ei rekke tenester til innbyggjara, blant anna som sosial møteplass, turistinformasjon, kommunal informasjon, tilby varelevering til eldre, samarbeide med heimesjukepleien, arrangere helsefremjande aktivitetar, tilby gratis nett og PC, og drive integreringsarbeid.

Nokre av desse tenestene dreiv butikkane med frå før, men endringa er at det som tidlegare var eit uformelt tilbod har blitt eit forpliktande samarbeid.

#### **Vurdering:**

Nærbutikkane i Austevoll spelar ei nøkkelrolle i samfunnet. Dei har uformelle tilleggstenester overfor faste kundar og fastbuande, og folk som besøker bygda og øya. Det har stor verdi for heile Austevoll-samfunnet at nærbutikken består og at den har gode driftsvilkår.

Austevoll kommune kan bidra til betre vilkår blant anna ved å utvikle og formalisere nærbutikkanes funksjonar på vegner av kommunen, slik fleire kommunar i gamle Sogn og Fjordane har gjort.

Dersom Austevoll kommune vel å etablere tilsvarande avtalar med dei fire nærbutikkane her i kommune, er det viktig at avtalane har eit konkret innhald, at oppgåvane som butikkane skal gjere er handterbare, og at betalinga er rimeleg i forhold til tenesta som kommunen kjøper.

Sidan det er mange som driv butikk i Austevoll om enn i meir tettbygde strøk, og alle butikkar i Austevoll har betydning for samfunnet vårt, må det vere klare og akseptable rammer. Det særeigne ved nærbutikkane må leggjast vekt på – slik som er grunnlaget for det statlege Merkur-programmet – fordi me ikkje kan legge opp til urimeleg forskjellsbehandling mellom fire nemte nærbutikkar og alle dei andre butikkane i kommunen.

På Storebø, der dei kommunale kontora ligg, og i Bekkjarvik der Austevoll folkebibliotek ligg, er det ikkje trond for eigne avtalar med butikkar om kommunale informasjonspunkt.

Det må vere slik at dersom andre butikkar i framtida kan innfri kriteria som gjeld for dei fire eksisterande nærbutikkane, så må ordninga naturlegvis utvidast til også å gjelde desse.

Basert på innspela som kom i drøftingane 26. oktober og 21. januar kan ein forsøke å skilje mellom og definere ulike tenester og tilbod:

#### Kommunalt info-punkt

Dette er informasjonstavle, brosjyremateriell, tilgong på nett og datamaskin. Informasjonen på tavler kan vere lik som på offentleg servicekontor. Eit formål med kommunalt info-punkt er å gi aktuell informasjon digital og på papir, og at brukaren skal kunne ta i bruk sjølvbetente og nettbaserte kommunale (og andre offentlege) tenester. Det skal også vere ein stad turistar kan få turistinformasjon.

Nærbutikken har ansvar for at maskinene fungerer i det daglege og gir rettleiing til brukaren. Kommunen kostar utstyr og betaler for innsatsen for rettleiing og turistinformasjon.

#### Gjestetolett, venteskur, og liknande

Dersom kommunen skal etablere ordning der den gir driftsstøtte for å tilby gjestetoalett, vil nødvendigvis ordninga gjelde for fleire enn dei fire Merkur-butikkane. Det kan vere gode grunnar for å finne ut korleis ein kan tilrettelegge for offentlege toalett og korleis kommunen kan bidra til å drifte desse.

Det bør likevel ikkje vere slik at kommunen yt støtte til toalettdrift der det først og fremst er eit tilbod til betalande gjestar og besøkande, til dømes i gjestehamner.

Når det gjeld venterom er dette eit konkret innspel fordi kollektivreisande ventar inne i butikken. Det er betre å omgjere dette til eit kaffikrok-tilskot, fordi då femnar det alle dei nemnte butikkane, slik at det ikkje vil bli ei meir generell ordning.

#### Innkjøp av varer

Blant nærbutikkane i Austevoll er det stort sal av mat til private verksemder, ikkje minst til kantiner, men Austevoll kommune handlar ikkje hos nokon av desse. Kommunalt innkjøp bør sjåast på i ei eiga sak.

#### Andre tenester

Spørsmål om renovasjon er relevant, til dømes knytt til innlevering av boss frå strandrydding, friluftsområde og offentlege areal.

Det er klart at næringscontainarane til nærbutikkar blir brukt til hytteavfall og anna boss, og at butikkane får spørsmål og må gi hjelp.

Renovasjon frå privathushald og hytter blir handtert av Sunnhordland interkommunale miljøverk IKS. Næringsavhald er ikkje ein del av det kommunale renovasjonstilbodet. Det kan vere fornuftig at dette ikkje er ei teneste som inngår i ein avtale med kommunen, sidan det er noko meir komplisert, til dømes knytt til kostnader og gebyrbetaling.

Ein kan heller ta dette spørsmålet opp ved behandling av sak om strandrydding og rydding av stiar, tråkk og naturområde.

#### **Mogleg konkretisering av avtale:**

##### Oppgåver som butikken utfører:

- Svarar på spørsmål og gir rettleiing til turistar og besøkande
- Gir hjelp til pålogging og enkel rettleiing på nett
- Sørger for nett-tilgang/-nettverk

##### Kommunen sine oppgåver og ansvar:

- Betaler for dei ovannemnde oppgåvene/servicen
- Betaler anskaffing av gjeste-PC for butikkar som ønskjer dette
- Installerer informasjonstavle (-er)

Den kommunale betalinga kan bygge på kva tenester butikken ønskjer å tilby. Dette kan vere:

- Berre informasjonstavle (monitor) på veggen – 500 kr/mnd (6000 kr/år)
- Turist- og kommune-info (butikken er «rådgjevarar») – 1500 kr/mnd (18 000 kr/år)
- Gjeste-PC med rettleiing – 1000 kr/mnd (12 000 kr/år)
- Kaffi-krok – 1500 kr/mnd (18 000 kr/år)

Avtalen bør ha ei varighet på om lag 4 år, og enkle mekanismar for fornying og vidareføring.

#### **Tilråding:**

Dersom Austevoll formannskap ønskjer å etablere samarbeid med Merkur-butikkane kan det fattast

slik tilråding til vedtak til Austevoll kommunestyre:

- Austevoll kommunestyre vedtar å etablere kommunalt informasjonspunkt, som ei avtale om levering av tenester, i samarbeid med dei fire nærbutikkane som er tilknytt det statlege Merkur-programmet.
- Avtaleperioden er 4 år. Kommunen søker å inngå samarbeid og ha tilbodet oppe og gå i løpet av våren 2021.
- Austevoll kommunestyre nyttar midlar frå kommunalt næringsfond for å finansiere informasjonsskjermar, skilt og andre nødvendige innkjøp.
- Austevoll kommunestyre finansierer avtalane sine driftskostnadane i 2021 frå ubunde driftsfond, og innarbeidar kostnadane i budsjettet for 2022 og økonomiplanen.